Strategi 2024

Ny kunnskap – ny praksis

HØGSKOLEN I OSLO
OG AKERSHUS

Visjon og slagord

Visjon

Leverer kunnskap som løyser samfunnet sine utfordringar.

Slagord

Ny kunnskap – ny praksis

Verdiane våre

Lærande

I tett samspel med samfunns- og arbeidslivet skal kunnskapen og erfaringane vi har, bidra til læring og fornying i utdanningane våre og til å vidareutvikle institusjonen så vel som kvar einskild student og medarbeidar.

Nyskapande

Nyskaping krev samhandling på tvers av fagdisiplinar, yrke og aktørar i samfunnet rundt oss. Vi skal vere nysgjerrige og opne i møte med samfunns-, arbeids- og næringslivet og utvikle ny kunnskap som gjev løysingar på morgondagens utfordringar.

Mangfaldige

Vår plassering i hovudstadsregionen gjev oss gode moglegheiter for å forstå og dra føremoner av den varierte samansetjinga av byfolket. Vi skal stimulere til likeverd og forståing i samfunnet generelt, og spesielt mellom studentane og dei tilsette på HiOA.

Føremål og profil

Føremål

HiOA skal løyse samfunnsoppdraget sitt ved å førebu studentane, arbeidslivet og styresmaktene på dei utfordringane som velferds-samfunnet vil bli stilt overfor i framtida.

Vi skal vere:

- ein leiande leverandør av forskingsbasert kunnskap til velferdssamfunnet
- leiande i å ta i bruk ny teknologi, innovative løysingar og effektive arbeidsformer
- eit urbant universitet med regionale og nasjonale oppgåver, og med eit tydeleg internasjonalt preg
- ein profesjonell organisasjon som har engasjerte studentar og medarbeidarar og ein velfungerande infrastruktur

Profil

HiOA skal vere prega av nærleik til samfunns- og arbeidslivet sine behov. Utdanningane våre skal halde høg internasjonal kvalitet og vere baserte på forsking, praksisnærleik og oppdaterte og studentaktive læringsformer. Forskinga vår skal vere relevant og kunne brukast til å løyse morgondagens utfordringar. Kandidatane våre skal utdannast til medvitne samfunnsborgarar som erkjenner og er motiverte for livslang læring. Våre tilsette skal opptre i tråd med verdiane våre. Organisasjonen vår skal vere veldriven og profesjonell.

Hovudmål 1

HiOA skal vere ein leiande leverandør av forskingsbasert kunnskap til velferdssamfunnet.

Aktivitetar

- Utvikle lærar- og sjukepleiarutdanningane våre til å bli best i landet.
- Utvikle tre til fem fagmiljø av særleg høg kvalitet, minst eitt av dei innanfor teknologifag.
- Tilby relevant praksis med høg kvalitet i studieprogramma våre.
- Styrkje arbeidet med strategisk utvikling av studieporteføljen vår og avvikle studium som over tid ikkje held tilstrekkeleg høg kvalitet eller har svak søking.
- Tilpasse etter- og vidareutdanningstilbodet vårt etter arbeidslivet sine behov.
- Auke prosentdelen professorar, dosentar, vitskapleg tilsette med forskarkompetanse og master- og doktorgradsstudentar til eit nivå som er på linje med samanliknbare universitet.
- Styrkje vitskapleg produktivitet, gjennomstrøyminga på forskarutdanningane og formidling til eit nivå som er på linje med samanliknbare universitet.
- Utvikle fleire vitskapleg tilsette til å bli betre formidlarar av kunnskap om velferdssamfunnet og stimulere studentar og tilsette til å delta i samfunnsdebatten.
- Intensivere arbeidet med å integrere oppdragsforskingsinstitutta våre

utan å svekkje institutta sitt fokus på eiga inntening.

- styrkje studentane våre sin kunnskap om forskinga si rolle i samfunnet og trene opp studentane til kritisk tenking.

- utvikle samspel mellom studentar, tidlegare studentar, tilsette, arbeidslivet og norske og internasjonale kunnskapsmiljø.

Hovudmål 2

HiOA skal vere leiande i å ta i bruk ny teknologi, innovative løysingar og effektive arbeidsformer.

Aktivitetar:

- Etablere innovasjon, verdiskaping og entreprenørskap som sentrale element i utdanning og forsking.
- Utvikle og formidle kunnskap om velferdsteknologi.
- Gjere digital og teknologisk kompetanse til ein integrert del av studia og fagmiljøet ved HiOA.
- Utvikle posisjonen vår som tilbydar av desentralisert undervisning med digitale undervisningsformer.
- Etablere forpliktande alliansar med forskingsmiljø og det kunnskapsintensive næringslivet i regionen for å utvikle ny teknologi og effektive arbeidsformer.
- Vidareutvikle utdanningane våre innanfor leiing og organisasjonsutvikling til å svare på sentrale utfordringar i velferdssamfunnet.
- Leggje til rette for nye studentaktiviserande arbeidsformer i undervisninga.
- Styrkje innsatsen på området utdanningsforsking.

Hovudmål 3

HiOA skal vere eit urbant universitet med regionale og nasjonale oppgåver, og med eit tydeleg internasjonalt preg.

Aktivitetar:

- Styrkje kunnskapen vår om byregionen sine moglegheiter og utfordringar og ta ein synleg plass i samfunnsdebatten på dette området.
- Utvikle eit tett samarbeid med regionale styresmakter i Osloregionen, mellom anna for å styrkje Oslo som ein internasjonalt attraktiv universitetsby.
- Følgje opp og vidareutvikle handlingsplanen for mangfald i samarbeid med relevante aktørar i regionen.
- Leggje betre til rette for inn- og utveksling av studentar.
- Leggje til rette for at alle gradsstudentar får eit utanlandsopphald i løpet av studiet.
- Skape ei stor auke i deltakinga i internasjonale utdannings- og forskingssamarbeid, særleg i tilknyting til EU-program.
- Styrkje og samordne det internasjonale nettverket vårt, både mellom einskildpersonar og grupper og på institusjonsnivå.
- Utvikle god kunnskap om internasjonale tilhøve og globale utfordringar som er relevante for utdanningane våre og forskinga vår.
- Integrere studentar med fluktbakgrunn i studentmiljøet og undervisningsopplegga på HiOA.
- Styrkje kompetansen på og kapasiteten for internasjonalt samarbeid, inkludert forskingsadministrativ støtte.

Hovudmål 4

HiOA skal vere ein profesjonell organisasjon som har engasjerte studentar og medarbeidarar og ein velfungerande infrastruktur.

Aktivitetar:

- Rekruttere vitskapleg personale som ønskjer å vere i front nasjonalt og internasjonalt på forsking og utdanning.
- Styrkje konkurranseevna vår når det gjeld rekruttering av med-arbeidarar i alle funksjonar.
- Vidareutvikle opplæringsprogram for å styrkje dei tilsette sin kompetanse, i tillegg til leiarutvikling for faglege, tekniske og administrative leiarar.
- Etablere langsiktige strategiske stillingsplanar som oppfyller dei framtidige behova våre for ressursstyring, arbeidskraft og kompetanse.
- Jobbe kontinuerleg for å gjere administrative støttetenester betre og meir effektive, mellom anna gjennom betre system for verksemdsstyring.
- Tilby digitale løysingar som førsteval for alle som vil kommunisere med institusjonen.
- Vidareutvikle bygningsmassen i ei miljøvennleg retning i samarbeid med utleigarane våre.
- Prioritere infrastrukturløysingar som reduserer det økologiske fotavtrykket vårt.
- Utvikle moderne universitetsområde med rom for fleire studentar og nye lærings- og samarbeidsformer.
- Utvikle aktivitetar på institusjonsnivå for å styrkje engasjement, samhald og felles identitet mellom studentane og dei tilsette.